

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 2018

Høverdalen - Lom - Garmo

77. årgang



Omvisartenesta 2018

Omvisartenesta i Lomskyrkja starta opp måndag 14. mai. Det var nærast kø utanfor døra då dei opna kl. 10. Hilde og Anna kunne melde om ein pangstart på sesongen. Her kjem ei oversikt over omvisarane denne sesongen. Med alder og språk dei har omvising på.

- Lars Bakkom (75 år. Engelsk og tysk)
- Anna Moe (77 år. Engelsk og tysk)
- Aase Helland (78 år. Engelsk, tysk, spansk og fransk)
- Magnus Mundal (24 år. Engelsk)
- Sindre Banken (23 år. Engelsk)
- Sindre Garmo (23 år. Engelsk)
- Wafaa Abou Assat (32 år. Engelsk og arabisk)
- Idunn Maria Brosset (21 år. Engelsk og fransk)
- Hilde Granum (28 år. Engelsk)
- Jens Gunnar Øygard (16 år. Engelsk og tysk)
- Sverre Dahl (18år. Engelsk og spansk)
- Hallvard Helstad (18år. Engelsk)

Lomskyrkja er ei brukskyrkje, så den vert stengt for turistar under kyrkjelege handlingar som vigsel og gravferd. Då er det vakt i porten, slik at det ikkje kjem turistar inn på kyrkjegarden.

Det er sjølv sagt gratis inngang for bygdefolket.

Opningstider:

- | | |
|--------------------------------|-----------------|
| • 14. mai - 10. juni | kl. 10:00-16:00 |
| • 11. juni – 19. august | kl. 09:00-19:00 |
| • 20. august- 2. september | kl. 09:00-17:00 |
| • 3. september – 25. september | kl. 10:00-16:00 |



LOM KYRKJEKOMMUNE

Trefftid på KYRKJEKONTORET
3. etasje på Midtgard måndag til fredag
kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD
Steinar Hov, tlf. 951 44 910
steinar.hov@gmail.com

SOKNEPREST
Einar Gelius, tlf. 481 65 529
Prestegarden: 906 55 838
soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE
Borghild Skarelsen, tlf. 481 65 527
kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYSSEKRETÆR OG
TRUSOPPLÆRAR
Guri Husom, tlf 481 65 528
kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR
Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR
Jonas Fjeld
tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75
kl. 10:00 – 14:00
tlf. Garmo og Bøverdalen kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET(merk "blomefond")
Bankkontonr.: 2085.07.11772
KYRKJEBLADET(merk "kyrkjeblad")
bankkontonr: 2085.07.11772

Bladpengar pr år:
Innanbygds: 150,-
Utanbygds 200,-
Utanlands 250,-

OMVISARTENESTA
Tlf. 97 07 53 97
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

KYRKJEBLAD FOR LOM
Redaksjonsgruppe: Anna Magni Larsen,
Anne Sulheim, Aud Kvamme,
kyrkjelydssekretæren og soknepresten

UTFORMING/SIDEOPPSETT
Ola Ø. Rossehaug & Guri Husom
TRYKK
Dale-Gudbrands Trykkeri as,
tlf. 61 27 73 50 lasse@dg-trykk.no

Framsidedilete: Ola Ø. Rossehaug

Presten sine tankar

Kvart år døyr mellom 20 og 30 menneske i Lom kommune. Dei aller fleste av dei vert gravlagde frå kyrkjene våre. Mellom 2 og 3000 menneske er i kyrkjene våre i gravferdene i løpet av eit år. Gravferdene er med andre ord den viktigaste møtestaden mellom kyrkje og folk i kommunen vår.

Gravferd i kyrkja er ein kyrkjeleg handling av gudstenesteleg karakter. Det tyder at hovedinnhaldet i seremonien er skriftlesingar, salmar og bønner.

I dei Allmenne føresegner for gravferd står det mellom anna: «Dei einskilde ledda i handlinga –

mellom dei utsmykking, symbol og kransepålegging – må tilpassast den gudstenestelege karakteren. Ein bør syna måtehald i bruken av blommar, kransar og liknande.»

Spør oss om det er noko de lurar på!

Eg tykkjer det er viktig å minne om desse føresegnene. I vår kommune har tradisjonen med å lese opp alle kransane og blomene i gravferda, fått ein større og større plass i seremonien. Når ein skal lesa opp mellom 20 og 30 kransar, så kan ein ikkje seie at det er å «syne måtehald». Eg trur vi må avgrense opplesinga av alle blomhelsingane i gravferda. Det er naturleg at ein les kransane frå dei næraste men dei andre kan til dømes lesast på minnesamværet.

Alternativt kan ein tenkje seg at dei som kjem til gravferda får ei liste med alle helsingane i staden for at ein les dei opp i kyrkja. Det vil ta mindre plass i sjølve seremonien. Det er viktig at både dei pårørande og gravferdsbyråane vert bevisste dette og søker å tilpasse denne delen av seremonien til den gudstenestelege

karakteren. Dessutan er det viktig å minne om at i kvar gravferd er det blommar og kransar for mellom 20 og 30.000 kroner. Nokre gongar er det for mykje meir. Tenk om alle desse pengane i staden hadde vorte gjevne til eit godt formål, som til dømes Kreftforeningen?

Blomane visnar etter eit par dagar – pengane kan brukast til livsviktig forskning og hjelp.

I vår kommune har vi òg eit blomefond som gjev ut plantar til dei einskilde gravplassane. Men blomefondet er ikkje ein Sareptas krukke, fondet må nemleg fyllast opp jamleg. Eg vil oppmode folket i kommunen vår til å støtte opp om blomefondet, slik at vi framleis kan utsmykke kyrkjegardane våre med vakre blommar.

Gravferda er den viktigaste møtestaden mellom kyrkje og folk. Eg tykkjer det difor er viktig at familien medverkar i seremonien med å skrive og lese minnetalen over den døde. Det er dessverre dyrt å dø, og dess meir familien gjer av små og store praktiske ting i samband med gravferda, dess mindre vert utgiftene.

Kyrkja sine tilsette vil alltid stå til teneste med råd og veiledning i samband med gravferdshandlinga. Spør oss om det er noko de lurar på.

EINAR

Det kling – det er Lomsklangen på veg!

Det er måndag kl. 19.30 – for ca. 30 songglade folk ukas høgdepunkt: Korøving på Helseheimen! Eg har tatt med kamera og notisblokk, for i år fyller Lomsklangen 10 år, og det skal markerast!

Eg tar tak i Sylfest Ødegård, som var fyrste formann i koret (i 4 år, trur han) og som i år leiar jubileumskomiteen. – Jubileet går av stabelen søndag 7. oktober, fortel han. Koret skal vere med på messe i Lomskyrkja, og ha ein konsert der etter messa. - Dette er ei høveleg feiring, meiner Sylfest. Koret starta som eit prosjektkor i høve 850-års-jubileet for Lomskyrkja, og har mange gonger delteke i messer, både som kor og som støtte for salmesongen. Konserten 7. oktober vil visa bredda i repertoaret, ting vi har vore innom desse 10 åra. Etter kyrkjejubileet ville ikkje kormedlemmane slutte med å syngje, så dermed vart koret til Lomsklangen. No er vi med i Noregs Korforbund. Vi er med på, og har arrangert, songarstemne for kor i

Gudbrandsdalen, har vore med på kor-cup og konsertar rundt ikring. Noverande leiar er Anne Kari Kvamme.

-Kva er bra med å syngje i Lomsklangen, spør eg. Sylfest nøler ikkje med svaret: - Eg set pris på det sosiale samværet! Og eg har utvikla det å syngje, særleg det å forstå og leggje merke til teksten vi syng, at den er viktig. Så har vi ein sær sars flink dirigent! Sylfest legg til med eit lått: - For meg er dette også ei investering for pensjonisttida!

Jau, mange i koret er nok i den kategorien, men dirigenten Kristbjørn Rossehaug ynskjer alle, også unge, velkomen i koret! Det var han som for 10 år sidan tok initiativet til prosjektkoret. Då hadde Lom vore utan songkor i fleire år. Fleire av songarane hadde aldri sunge i kor då det starta opp, men Kristbjørn meiner at koret har hatt ei god utvikling, heilt sidan vi stilte bunadkledde opp på galleriet i Lomskyrkja i september 2008, og til i dag, når me iherdig øver på the Beatles si «Michelle» til songarstemnet i

Heidal i juni. Der kjem alle dei flotte herre- stemmane til sin rett – den gode balansen mellom kvinner og menn er noko som blir lagt merke til overalt kor vi syng.

-Korleis har det vore for deg, Kristbjørn, å vere dirigent i Lomsklangen?

-Eg finn ikkje ord som kan uttrykkje kor takksam eg er for å ha fått dirigere Lomsklangen alle desse åra. Eg trivst med det. Eg har fått eksperimentere saman med koret!

Kristbjørn sin visjon er eit allsidig bygdakor, med ulike personar og stemmer, som fungerer godt ilag. Eit «blanda» kor på fleire plan, med blanda repertoar. Eit døme på det er dei andre songane vi øver på til stemnet: «Sanctus», «Ingrids vise», og «Jäg blåste i min pipa»!

Eg trur at alle i koret vil vere einig med meg i at Kristbjørn er ein inspirerande dirigent, som får det beste ut av koret på ein humoristisk, men tydeleg måte! Det er kjekt å syngje i Lomsklangen.



På bilete kan de sjå generalprøva til 17.mai, der Lomsklangen syng «Lom»!

Kyrkjelydstur til Maihaugen

Den årlege turen er også i år lagt til Maihaugen. Datoen er søndag 17. juni, og avreise frå kyrkjevollen i Lom er sett til kl. 07:30. Buss og sjåfør frå Jotunheimen turbusser AS vil køyre oss trygt nedover Gudbrandsdalen. vi tek ein stopp på vegen, så ta med niste.

Framme på Maihaugen vert det god tid til å sjå seg rundt. Sokneprest Einar og organist Terje inviterer til messe i gamle Garmo kyrkje kl. 12:00. Det blir middag og kaffe i kaféen på Maihaugen! Turen kostar 450,- Påmelding innan tysdag 5. juni til Guri på kyrkjekontoret.

- Guri: tlf. 481 65 528 kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no

Påmeldte vil få tilsendt giro og program for dagen i god til før turen.

Tårnagent



Søndag 6. mai vart alle 8-og 9-åringane i Lom inviterte til Skjåk kyrkje på tårnagentsamling. Det var ein liten gjeng frå Lom som fekk ein spanande efta i Skjåk. heile starta i kyrkjestugu der vi fekk besøk av to uniformerte politi, som synte oss ein kan få fram fingeravtrykk og fotavtrykk. Etter ei stund såg vi jamvel spor etter tær på våre!

Vi gjekk til kyrkja for å leite etter spor av Jesus. Det fann vi fleire av. Dei som ynskje det, fekk vera med kyrkjetenaren opp i tårnet og studere klokkene. På veg ned att stoppa vi hjå organisten som spelte nokre fine songar til oss, og vi song til musikken. Klokka 18:00 var det messe, der vi til og med fekk vera med å sjå at eit barn vart døypt.



I løpet av messa fekk heile kyrkjelyden gå ei runde, der vi kunne skrive ei bøn å leggje i bønnekrukka, eller gje ei gåve i form av ein ladebit til nokon vi er glad i. Vi kunne og tenne ljøs i ljøsgloba, eller leggje ein mannakorn-blome i vatn. Då var det spanande å sjå kva for bibelvers som kom fram. Det var 15 ungar som kosa seg denne eftanen i Skjåk-kyrkja.





Årets konfirmantar og ungdommar i aldersgruppa 15-18 år frå Vågå, Lom og Skjåk, var inviterte til Skjåk kyrkje ein laurdag i april for å lage konsert. Vi fekk besøk av ei gruppe ungdommar frå HEKTA-organisasjonen, som har konfirmantleiren i Kragerø og på Lillehammer. Konfirmantane vart inndelte i ulike grupper. Nokre skulle danse leirdansen og synge songane frå leiren,

andre skulle ha kreativt bibelarbeid (dramatisering av forteljingar i bibelen). Kåre stod for bibelkvissen. Der delte to lag frå Lom fyrsteplassen, medan 3. plassen gjekk til foreldregruppa frå Lom. Gratulerer! Og mat må ein ha, så oppgåva til ei anna gruppe var å smørja rundstykke til oss. Klokka 17 starta konserten, der dei syntte fram det dei hadde arbeidd med i løpet av dagen, til foreldre, besteforeldre og andre som kom til kyrkja denne kvelden. Ein artig dag saman med berre trivelege ungdommar!



Messer utanom kyrkjene

Sundag 5. august kl. 11:00 vert det utemesse på tomte der gamle Garmo kyrkjestod. Vi håpar på fint ver denne gongen og, med kaffe og biteti. Offer denne dagen er til eige arbeid. Hugs å ta med stol!

Seinare same dagen, 5. august kl. 19:30, vert det musikkandakt i Medalen grendehus, med moglegheit for at denne vert fløtt til Bøverdalen kyrkje. Offer går til huset/eige arbeid. Kaffe og biteti.

Sundag 26. august kl. 12:00 vert det utemesse ved prestehytta ved Dalsvatnet. Vi ynskjer oss fint vêr denne dagen og, slik at vi kan sitje ute å kose oss med kaffe. Offeret går til trusopplæringsarbeidet vårt. Ta med stol!

Dugnader:

No nærmar det seg tid for planting på kyrkjegardane våre. Takka vera blomefondet kan vi få pynta på alle gravene, om det er pårørande i bygda eller ei. Så vi håpar at mange kjem og hjelp oss desse kveldane. Det er ei hovudplante og to kantplantar på kvar gravstad.

- **Lom kyrkjegard måndag 4. juni kl. 17:00**
- **Garmo kyrkjegard onsdag 7. juni kl. 18:00**
- **Bøverdalen kyrkjegard torsdag 8. juni kl. 18:00**

Vi ynskjer nye og gamle dugnadsfolk hjarteleg velkomne til trivelege økter, og byr på kaffe med noko «attåt». Ein stor takk til friviljuge som ordnar med servering, og til alle som stiller opp på dugnad på kyrkjegardane våre.



Konfirmantar 2018:

Bøverdalen kyrkje laurdag 2. juni kl. 12:00

Ann Kathrin Bråten
Ragnhild Flaten
Mia Fjeld Kvandalvoll
Håvard Hilleren Myren
Marius Lien Svestad
Marie Yong Leirdalen Risheim

Kyrkjegardsarbeidar

Også denne sumaren er Geir Ådne Lindsø tilsett som kyrkjegardsarbeidar, fram til 31. september. Vi ynskjer han velkomen!

Fasteaksjonen 2018

Vi vil rette ein stor takk for innsatsen til konfirmantane, føresette som stilte som sjåførar, tilsette og friviljuge for all hjelp rundt fasteaksjonen. Og ikkje minst til alle dykk som gav! Summen vi fekk inn i Lom kyrkjekommune gjev reint vatn til 139 personar! Kjempebra!

- Bøverdalen; 2620,-
- Garmo; 5405,-
- Lom; 20337,-

Prestegardens kvinneforening

Prestegardens Kvinneforening har si sommar-avslutning på Sandom tysdag 12. juni klokka 18.00. Dette er eit fellesmøte med misjonsforeninga i Vågå.

Andakt, song, misjonsstoff, kaffi og biteti. Kollekt til Det norske Misjonsselskap. Vel møtt, også om du ikkje har vore med på møte tidlegare!

Konfirmantjubileum

Konfirmantjubileet i år er lagt til helga 1. og 2. september, med gudsteneste i Lom kyrkje søndag 2. september kl. 11:00

Dei som stod konfirmant i kyrkjene våre fylgjande datoar vil få invitasjon i posten:

Bøverdalen kyrkje

9. oktober 1938, 3. oktober 1948, 12. oktober 1958 og 16. juni 1968

Garmo kyrkje

22. mai 1938, 10. oktober 1948, 5. oktober 1958 og 30. juni 1968

Lom kyrkje

2. oktober 1938, 26. september 1948, 28. september 1958 og 23. juni 1968

Lisbet Lid Venås 1937 - 2018

Nattfiolen

Den tida angen
frå nattfiolen
kjærteikna vegen vår
heimover,
va handa di alltid
fast kring mi

men no
når nattfiolen
har sendt sine frø
for ver og vind
saknar eg
fotsteg i grusen
ved sida mi.



Skryt av “nyhuset” vårt!

Vi får mykje skryt av «nyhuset» vårt av folk som kjem innom. Og det har vore i jamnleg bruk etter vigslinga i januar, til ulike møter og til samlingar med konfirmantane.

Det har jamvel vore bortleigd. Så om fleire ynskjer å leige det til store eller små møter, så er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret. Det er sitjeplass til om lag 60 personar. Huset er utstyrt med eit stort og fint kjøken, og kan difor fint brukast til dåps-selskap, konfirmasjonslag og liknande. For pris eller andre spørsmål, ring på 48165528 eller kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no Vi har tenkt å få beisa huset med det fyrste. Vi har nokre få namn på lista vår, men vi ynskjer oss fleire til å vera med på.

Ny trusopplærar!

Ny trusopplærar er tilsett i Lom kyrkjekommune. Namnet hennar er Oddrun Pauline Løkken. Ho er ei 35 år gamal jente frå Lalm, no busett i Garmo. For dei som har vore innom vidaregåande i Lom, er ho eit kjend ansikt, da ho er lærar der. Vi ynskjer Oddrun Pauline velkomen til oss.

Konfirmant 2019:

Vi har invitert neste års konfirmantar med føresette til informasjonsmøte i kyrkjelyds huset i Lom, tysdag 12. juni kl. 19:00. Er du født i 2004 og enda ikkje fått invitasjon, eller er det andre ting de ynskjer å ta opp, send gjerne ein e-post eller ring. kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no eller soknepresten@lom.kommune.no Telefonnummer; 481 65 528 eller 906 55 838

Ofigsbøtrøe

*Ofigsbøtrøe
flaug over Marsteinbrue.
Krøkje-spjerten
reiste stjerten!*¹



Dette er eit gammalt skjemtevers der uttrykket «Ofigsbøtrøe» er brukt. Verset må vera frå 1870-talet da det var friskule på Ofigsbø. Elles viser det til at elevar som budde på solsida, måtte gå over Marsteinbrua for å kome på skulen. – «Ofigsbøtrøe» var nok ymta på dei som var knytte til friskulen på Ofigsbø, - både lærarar, elevar, foreldre og andre støttespelarar.

Tankegodset og påverknaden til denne friskulen kom frå Christopher Bruun og folkehøgskulen han hadde starta opp på Romundgard i Sel i 1867. Brun var kritisk til den pietistiske tradisjonen. Han stod for ein friare og gladare kristendom. Men samstundes hadde han ei streng puritansk innstilling, og meinte at ein ikkje skulle «tulla seg bort med drikk, kortspel og fanteskap». Når det gjaldt Bruun sitt pedagogiske program, ville han byggje elevane si danning på eit kristent og norsk verdisett. Undervisninga hadde fokus på «norskdøm og kristendom». - Fleire frå Lom gjekk på denne folkehøgskulen, mellom anna Hallvard og Eiliv Ofigsbø, Olav Aukrust² og Rasmus Nordal. Hallvard Ofigsbø var den som tok initiativ til friskulen i Lom i 1871 og stilte hus til disposisjon. Andreas Austlid frå Gausdal vart spurt om å vera lærar. Undervisninga vart gjennomført på «det levande norske folkemål». Dette var i kontrast til det danske språk som var brukt i skulen elles og i kyrkja. På friskulen skulle både lærar og elevar tala «morsmålet» og dei skreiv på landsmål. Læraren fortalde historier frå Bibelen og Edda og formidla dette på ein levande og engasjert måte. Austlid skreiv: «Og eg fylte borna mine med heltesogor te det lyste fraa andletom deira, og knapt dei visste kaar dei sat – ja sume drøymde um det um natta! Og ikkje berre borna; men mange vaksne au kom og lydde paa – det var nytt for døm au, dette.»³

Eit anna viktig prinsipp for denne skulen var at elevane skulle lære «utan pugg og tvang og leksor». Læraren si oppgåve var å formidle stoffet på ein så engasjerande måte at elevane lærte det. Det stod i

sterk kontrast til skulen elles der elevane skulle lære den danske boka Pontoppidans forklaringar på rams utanåt. - Mange var skeptiske til den nye skulen. Austlid vart mellom anna kalla «ungdommens forfører». Men den fyrste tida det var friskule på Ofigsbø, var Halling prest i Lom. Han var svært positiv til skulen. Austlid skreiv om Halling: «Han kom um vaarane og heldt eksamen serskilt aat bornom mine – endaa eg hadde vore pliktig te sendt døm paa fastskule-eksamen, um han hadde kravt det. Men det var eksamen kan døkk tru! Dei svara um kapp paa alt han spurde um, og dei fortalde bibel og Norigs-soga so det lyste taa døm.»

Men så kom det ein ny prest, Brodal. Da måtte elevane på friskulen frå Ofigsbø stille til eksamen på fastskulen. Austlid skreiv: «Og den greidde dei godt. ... I bibelsoge og landkunne fortalde dei so det stod etter; og i lesing, skriving og rekning var dei au godt rusta. I ei varm stund forsnakka presten seg. Han sa at desse friskuleborna hadde meir kunnskap, te og med i kristendom, enn dei andre. For Brodal var eit ærlegt menneskje.» Men trass i dette kravde presten at alle konfirmantane som las for han, skulle lære Pontoppidans forklaringar⁴ utanåt. Gamle Halvor Ofigsbø, far til Hallvard, spurde Brodal om han kunne konfirmere dottera utan Pontoppidan. «Eg vil ikkje ho skal lære den boka utanaat, ho er for tung og abstrakt, og saa ubaansleg som bok kan vera. Og gjenta har faat sin Gud og Bibel kjær og skal difor ikkje plaagast med ei slik bok.» - Brodal svara «nei» til dette, og det vart ein hard strid! Biskopen i Hamar kom oppover. Folk møtte fram i kyrkja til det vart sprengfullt. Mange tenkte at «no skulle det bli knall og fall for friskulen og Ofigsbøtrua». Seinare på dagen var det eit stort møte i den gamle prestegarden der foreldra til konfirmantane fylte Bispesalen. Her fekk presten støtte av biskopen. Jenta måtte lære seg Pontoppidan! Etterpå skreiv Austlid til «kyrkjedepartementet». Han fortalde frå møtet med biskopen og spurde etter lovparagrafen som påbaud at konfirmantane skulle

lære Pontoppidan utanåt. Han fekk aldri svar på brevet. Men etter ei tid kom Brodal blid og venleg oppover og sa at no kunne jenta konfirmerast. Ho kunne lese med han om sommaren. Dei spurde: «Utan Pontoppidans forklaring utanaat?» Svaret var: Ja!

Friskulen på Ofigsbø heldt fram til skuleåret 1878-1879. Da flytte Austlid til Gausdal, og skulen vart lagt ned. Han skreiv seinare om tida på friskulen:

«Dette er den lykkelegaste tida eg har havt.» Det skreiv han trass i den motbøren dei fekk. Elevane og undervisninga på Ofigsbø og det han elles opplevde her i bygda, sette djupe spor. - Berre nokre få år seinare hadde dei fleste lærarar og prestar her i landet same synet på Pontoppidan som friskulen på Ofigsbø hadde kjempa for.

¹ Kvaale, O. «Gamalt frå Lom», *Lom heimbygdslag 1981*: 216

² Olav Aukrust her er far til forfattaren.

³ Dei fleste sitata i dette stykket er frå: Austlid, A. «Salt frå folkehøgskulen», Olaf Norlis Forlag 1926.

⁴ Pontoppidans forklaringar var skriven av den danske teologen Erik Pontoppidan og vart fyrste gong utgjeven i 1737. Pontoppidan var pietist, og skreiv denne boka på ordre av kong Kristian VI av Danmark-Noreg som lærebok i kristendomskunnskap i skulen.

Olsok i Lom – 2018

Sundag 29. juli

Frå kl. 11: Opne hus i Presthaugen. Utstilling ved Lom knipsarlag og Gudbrandsdalsmusea ved Lom bygdamuseum.

Kl. 12.00: Nordgard Aukrust: Olsokprogram med Ottar Grepstad.

Kl. 15.00: Vandring til Olavssteinen på Uppigard Synstnes. Vi skal prøve å få med arkeolog.

Kl. 16.30: Omvising Lomskyrkja. Ved Lom kyrkjelege råd.

Kl. 18.00: Olsokmesse i Lomskyrkja ved sokneprest Einar Gelius

Ca kl. 19.30: Olsokstemne i Presthaugen, i Glømsdalsstugun og i tunet. Olsoktale ved Ottar Grepstad, direktør ved Ivar Aasen tunet / Nynorsk kultursentrum. Opplesing og musikk.

Tema for Olsok i år er Aasmund Olavsson Vinje. Fødd for 200 år sidan, død 30. juli 1870. På Lom folkebibliotek blir det ei bokutstilling om Vinje.

Olsok-arrangementa er eit samarbeid mellom Lom kommune, Gudbrandsdalsmusea ved Lom bygdamuseum, Nordgard Aukrust, Uppistugu Synstnes ved Trygve Husom, Lom kyrkjelege råd, Lom folkebibliotek og Lom heimbygdslag.

Heim og ætt

Døypete:

Lom:

01.04 Vetle Smedsmo
01.04 Mari Irene Sletten Mork
01.04 Tage Ofigsbø-Leite
20.05 Anna Solbakken Teigen



Jordfesta:

Bøverdalen:

24.04 Ragnhild Oddrun Vole f. 1927



Garmo:

16.03 Signhild Dvergsdal f. 1957
13.04 Terje Ekle f. 1967 (bisetjing)
11.05 Lisbet Lid Venås f. 1937
25.05 Bjørner Kvehaugen f. 1927

Lom:

10.04 Ola Berget f. 1926
17.04 Ragna Turtum f. 1926
06.04 Per Arve Berget f. 1943 (bisetjing)
18.05 Anne Elisabeth Eilertsen Bjertnes f. 1937

PRESTANE SIN VAKTTELEFON I
NORD-GUDBRANDSDAL:

VAKTNUMMER: 414 81 457

Kveld/natt: Kvardagar kl 17:00 - 09:00
Helg: Fredag kl 17:00 - Måndag kl 08:00

Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med fire nummer i året. I neste kyrkjeblad vil de finna giro vedlagt for bladpengar.

Ikkje gløym å skriva inn namn og adresse når du betalar.

Vi ynskjer å takke kvar einskild som har støtta bladet dette året og oppmodar alle heimar om å støtte kyrkjebladet for Lom. Vi set og stor pris på at mange utanbygdes abonnentar på bladet!

Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 14. august 2018!

The Trinity-treeinigheita

Faderen - Sonen - Den heilage ande

Dette ikonet er laga av den russiske målarer Andrei Rublev i det 15. århundre, og er hans mest kjende verk. Ideen er at menneske og har ein plass kring dette bordet, saman med dei tre.

Lomsnytt

I denne utgåva av Kyrkjeblad for Lom finn du ikkje Lomsnytt bakerst, grunna lite innhald. Har du innspel til kva som bør vera med i Lomsnytt? Send ein epost til redaktor@lom.kommune.no. Alle innspel blir motteke med takksemd!



Glimt frå tidlegare årgangar



Trygg er funnen kyrkjegrunnen.
Kyrkjegrunnen, det Kristus er.
(Grundtvig.)

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 6

JUNI 1955

14. årgang

KVITSUNN

Herre, du må senda
Anden din og tenda
kvitsunneld på jord!
Lat oss alle kjenna
sanningsvarmen brenna
gjennom dine ord!
Utan dei
er myrk vår leid.
Men frå død til liv og heider
Ord og Ande leider.

Hjartekulden rømer,
ævelivet blømer
der Guds ord kjem inn!
Anden Kristus teiknar,
syndelivet bleiknar,

Hjartegrunnar isnar,
tru og voner visnar,
snøgt i vintertid.
Han som vårsol vekker
liv i frosne bekkjer
og i lund og li —
Anden sterk
gjer dette verk
når Guds ord til hjarto trengjer
og all motstand sprengjer.

hjarto frelsa finn!
Skapingsstund
i hjartegrunn —
Herre, den må ingen sakna!
Lat vår Guds-tru vakna!

Olav Skarstein.

KVITSUNN

Det er mange som ikkje hev det skikkeleg klårt for seg kvifor me høgtidar kvitsunn. Ja, dei veit nok at den heilage Ande kom då, men kva det fekk å segja, tenkjer dei mindre på.

Kvitsunnhelg hev me til minne um at kyrkja vart grunnlagd. Og når denne helg hev so lite innhald for dei fleste, so heng det saman med at kyrkjesynet er uklårt. Folk veit ikkje kva kyrkja i røyndi er.

I vedkjenningi stend det at kyrkja er samlingi av dei truande der Guds ord vert rett forkynt og sakramenti rett brukte.

Det er Jesus Kristus som er millom-mannen millom Gud og menneske. Han er vegen og sanningi og livet. Ingen hev ævelivsvon lenger enn han er ei livande grein på han som sa seg å vera det sanne vintreet. (Joh. 15.) Men etter at Jesus fór til himmelen att, er han usynleg for oss. Korleis skal då me som lever i denne synlege verdi koma i personleg livs-samfunn med han som er usynleg?

Korleis skal me som lever på jordi kunna verta greiner på det tre som hev røter i himmelen? Jau, her er det nådemidlane kjem til. Med ordet og dåpen og nattverden er det gjort i stand ein kontakt millom den usynlege og den synlege verdi. Ævelivskrefter strøymer gjennom desse midlane frå nådebrunnen i himmelen inn i hjarto på alle som berre vil ta imot med ein bedande hug.

Då Anden kom, skapte han eit samfunn av truande til å vera hushaldar yver den frelsa som Jesus vann for verdi då han ferdast på jordi og var sann Gud og sant menneske.

Dette hushaldarsamfunnet som er kyrkja, er so fast bunde til den herleggjorde Frelsaren at Guds ord kallar Kyrkja Kristi lekam. Den usynlege og himmelfarne Herre er so nærverande her i jordlivskåri — at me dagleg kan leva i røyndleg samfunn med han. — Det er den gledelege sanningi som skulde gjera kvitsunn til stor helg.

Klypp frå «Stille Stunder».

GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen.
Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

Laurdag 02.06.
BØVERDAL KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse.
Offer til konfirmantarbeidet.

Sundag 17.06.
Kyrkjelydstur til Maihaugen (sjå eigen rubrikk i bladet)
Messe i Gamle Garmo kyrkje kl.12:00

Sundag 24.06.
LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til kyrkjelydshuset.

Sundag 08.07.
LOM KYRKJE kl. 19:30. Messe med barnedåp. Offer til Barneklangen

Sundag 15.07.
LOM KYRKJE kl. 11:00. fellesmesse med Skjåk. Offer til Himalpartner

Laurdag 29.07. Olsok
LOM KYRKJE kl. 18:00. Olsokmesse med barnedåp.
Offer til Familievernkontoret.

Sundag 05.08.
GAMLE GARMO KYRKJETOMT kl. 11:00. Utemesse med nattverd. Offer til eige arbeid i kyrkjelyden. Kyrjekaffe. Ta med stol!.

Sundag 05.08.
Medalen Grendahus kl. 19:30. Songandakt med kaffistund etterpå. Offer til huset.

Sundag 19.08.
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med barnedåp.

Sundag 26.08.
PRESTEHYTTA VED DALSVATNET kl. 12:00. Utemesse, 11- og 12-åringar frå «Ljos vaken» deltek. Offer til trusopplæringsarbeidet i bygda. Kaffistund etter messa. NB! Ta med stol!

Sundag 02.09.
LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med nattverd, konfirmantjubiläum med 50-, 60- og 70-årskonfirmantar. Diktardagar. Offer til konfirmantarbeidet i bygda.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, GD-Puls både på nett og i papirutgåva, i kalenderen hjå www.lom.kommune.no, på heimesida vår: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.136853.nn.html> eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune. Messer i Skjåk kyrkjekommune finn du her: <http://skjaak.kirken.no/>

KIRKENS SOS ER ALLTID ÅPEN!

Kirkens SOS er alltid tilgjengelig for de som har behov for noen å snakke med. Vår døgnåpne krisetjeneste kan nås på telefon **22 40 00 40** eller via mail og chat **www.kirkens-sos.no**

Vil du støtte vår krisetjeneste kan du gi din støtte via **Vipps nummer: 504653**, valgfritt beløp, eller via sms: **ALLTID3 til 2160**, du gir da 150,- kr til vårt arbeid



Friviljugsentralen er ein naturleg møteplass der du kan benytte deg av mange aktivitetar og friviljuge. Her kan du drive med handarbeid, bingo, matlaging eller du kan drikke ein kopp kaffe med ein venn medan dykk les avisa.



Friviljugsentralen skapar:

- sosiale aktivitetar
- koordinering av friviljug arbeid
- arbeider retta mot menneskjer med ulike behov
- har sentrale, levande og lett tilgjengelege lokalar i Drengjestugu
- arbeider for å skape møter mellom menneskjer

Friviljugsentralen koordinerer friviljugt arbeid retta mot menneskjer med ulike behov i bygda vår. Eldre, både heimebuande og dei som bur på institusjon, barn, unge, flyktningar, nyinnflytta, barnefamiliar og andre. Det friviljuge arbeidet kan vera matombringning, besøksvenn/besøksteneste, Lomsvenn for flyktningar. Fylgje til ulike arrangement. Song, musikk og sosiale treff på Friviljugsentralen og på Lom Helseheim.

Aktivitetar:

Strikkegruppe kvar måndag kl.11. Strikking av labbar, luer, vottar, skjerv o.a. til Frelsesarmeen. (innlevering i juni og desember). Ynskjer du å ta med deg din eigen bunding, er du velkomne til det. Sommaravslutning i strikkegruppa: måndag den 18.juni kl.11. Velkomne!

Språkkafé: 1 gong i månaden. Neste gong er tysdag den 12.juni kl.17.30-19. Set av datoen å ta deg ein tur å bli kjend med nye sambygdingar. Enkel servering. Velkomne!

Småbarnstreff: annankvar onsdag. Sommaravslutning: onsdag den 30.mai kl.10.30, om været tillèt det blir avslutninga i Prestshaugen. Servering av rabarbrakake og is. Besteforeldre er spesielt velkomne! Lom Friviljugsentral ynskjer attendemelding frå småbarnsforeldre: kor ofte er det ynskje om småbarnstreff? ynskje om tema? Ta kontakt med Ella Hoel! Ser vi at det er interesse for å halde fram med småbarnstreffen, startar vi att i midten av september. Det vert annonsert. Lom Friviljugsentral er takksam for alle svar, som måtte koma.

Bra mat-kurs: kvar torsdag er det kurs for våre nye sambygdingar. Tre kursleiarar deler på oppdraget: Anna Kvåle, Merete Sofie Akslen og Kaja Obreza. Dei lagar sunn og ernæringsrik norsk mat. Dei har òg laga mat frå: Syria, Eritrea, Somalia og Thailand. Det er høve til å ta ein tur å helse på deltakarane og kursleiarane. Og kanskje blir det ein smak. Sommaravslutning på bra mat kurset: torsdag den 21.juni.

Fredagstreff: annankvar fredag kl.10.30. Ein populær treffdag, mykje og god underholdning, informasjon, åresalg, nyteikte vaflar, kake og kaffe. Sommaravslutning: fredag den 15.juni kl.10.30, denne dagen blir det trekking av mange flotte gevinstar. Lom Friviljugsentral nyttar høve, til å takke for alle gåvene som er gjeve, og til alle som har teke lodd. Det er høve til å kjøpe lodd fram til trekkinga den 15.juni. På fredagstreffen: stiller det friviljuge med nysteikte vaflar, nydeleg bakst og kaffe. Åresalg og sosialt samvære. Fredagstreffen held fram annankvar fredag. Etter ynskje blir det dans i Steinfjosei i haust. «Danse-treffen» blir ein «ekstra» fredag, det vert annonsert. Velkomne på fredagstreff!

Besøksteneste/aktivisering på Lom Helseheim kvar måndag føremiddag kl.10.30, stiller det to friviljuge. Dei serverer frukt og vatn. Bingo, høgtlesing og sosialt samvære. Bebuarane set umåteleg stor pris på besøket. Lom Friviljugsentral ynskjer å koma i kontakt med fleire som kan tenkje seg å vera med på tiltaket. Ta kontakt med Ella Hoel!

Besøksteneste på Lom Helseheim, kvar tysdag ettermiddag kl.16.30, stiller det to friviljuge på avdeling 2.Servering av kaffi og biteti. Sosialt samvære. Bebuarane set umåteleg stor pris på besøket. Lom Friviljugsentral ynskjer å koma i kontakt med fleire som kan tenkje seg å vera med på tiltaket. Ta kontakt med Ella Hoel!

Fleire friviljuge: til å fylgje bebuarar frå Lom Helseheim til Prestshaugen på aktivitetsdagar i sommar. Kan du tenkje deg å vera med på tiltaket, ta kontakt med Lom Helseheim ved Aktivitør Mieke van Landegem: tlf. 958 753 93 eller Ella Hoel.

Lom Friviljugsentral nyttar høve, til å takke alle dei gode, flinke og entusiastiske friviljuge med innsatsen. Lykke til vidare!

Friviljugsentralen er ein stad der gleden over å bruke deg sjølv er den betalinga du får. Den einaste måten å få ein venn på, er å vera ein!

Dagleg leiar Ella Hoel ella.hoel@lom.kommune.no 996 938 47

